Årbok for Karmsund 1997-1998

Karmsund Folkemuseum

Haugesund 1998

Haugesund Bok & Offset A.S



«Kvinnfolkå går i Torvastadkjørkjo,... *Foto: Privat eige*

«KVINNFOLKÅ GÅR I TORVASTAD-KJØRKJO, OG MANNFOLKÅ GÅR I KADLAKJØRKJO»

Nokre namn frå sjøen på Vest-Karmøy

Av: Per Henning Uppstad

«Kvinnfolkå går i Torvastadkjørkjo, og mannfolkå går i Kadlakjørkjo», seier ein i Føyna. Føybuen soknar til kyrkja på Torvastad. Kor ligg så denne Kallakyrkja? Noko av vegen er kjent. **Kallakyrkjeholmane (Kadlakjørkjehålmane)** og **Kallakyrkjesundet (Kadlakjørkjesonne)** ligg i leia vestover frå Vestre havn i Føyna. 'Kallakyrkja' har fått namn etter mannfolka som om sundagen tok turen vestover for å lodda sild medan kvinnene var i kyrkja på Torvastad. Det var om å gjera å vita kor silda stod når kviledagen var slutt. 'Kyrkjelyden' var fiskarar som vona på sild.

Frå ein kyrkjelyd ein annan stad i landet vert det fortalt om ein mann som brukte eit fast ordlag kvar gong han la inn ein skrå : «Ein må ha seg litt manna». Han kalla det *manna,* særleg når han tala med presten (Venås 1984:73). I Føyna var det nok lettare å seia at ein hadde vore i Kallakyrkja enn at ein hadde vore på sjøen som på kvardagar.

Det er merkeleg med namn. Nokre namn vert svært levande når me kjenner bakgrunnen og samanhengen dei vart til i, slik som Kallakyrkja. Andre namn har utydeleg opphav og fungerer som reine adresser.

Personnamn nyttar me kvar dag, dei fleste veit me ikkje eingong kva tyder. Me veit gjerne knapt kva vårt eige namn tyder, og det spelar heller ikkje noka stor rolle for oss i det daglege. At eit namn som *Helene* tyder 'den strålande, skinnande', var det ingen som tenkte på då ungen skulle få namn. Personnamna er difor i liten grad karakteriserande. Det er ikkje slik som me har lese i Sølvpilen eller indianarbøker at folk får namn etter eigenskapane sine: Månestråle og Sitting Bull. På folkemunne er det likevel vanlegare å gje folk tilnamn ut frå eigenskapar, lyte og særmerke.

Namn på stader nyttar me òg til dagleg. Mange av dei kjenner me ikkje tydinga på, medan andre er lette å tyda. Slik er det i nærmiljøet. Me skjønar kvifor holmen **Hårløysa (Hårløyso)** heiter som han gjer; han er berr og liknar på ein hårlaus skalle. Bakgrunnen for namngjevinga er òg tydeleg i namnet **Hundsrau (Honnsrau).** Her er det tale om to små skjer som ligg attmed einannan. Dette er ei samanlikning med ***rau*** f. 'ende', og føreleddet ***hund*** er vel sett til for å gjera namnet mildare. Det er nemleg ingen vanskar med å knyta utsjånaden på denne staden til folkelege endar.



Formene på desse skjera er opphavet til jamføringsnamnet Hundsrau (Honnsrau)
Foto: P. H. Uppstad

Andre namn skjønar me ikkje utan vidare t.d. **Urter,** som truleg kjem av eit gamalnorsk ord **urptir* 'verpestad for sjøfugl'. Tydingar kan vera ukjende for oss fordi namn inneheld ord som har ei ukjend form eller som er ute or bruk.

Men alle namna fortel si historie, sjølv om historia og opphavet kan vera gløymt no. Det er ikkje tilfeldig at ein stad får eit namn - namnet er knytt til eigenskapar ved staden, utsjånad, bruk, førestellingar, hendingar o.a. Kvart namn har i si tid vore skildrande. Namna fortel såleis òg si historie, om språket og om samfunnet.

Me vil sjå på nokre namn frå sjøen på vestsida av Karmøyna. Namna er prega av hav og kyst, hausting og dyrking, fiske og fangst. Me har bevart nokre namn frå menneske som eingong har levd og ferdast der, endå me ikkje lenger veit kven dei var.

Kvaløyna, Ulvøyna, Gitterøyna

Mange namn er lette å tolka av di me kjenner att både orda i namnet og bruken av staden. I namn med dyrenemne kjenner me ofte att orda, utan at me veit om det er dyret som har halde seg her, om namnet er ei samanlikning med dyret, eller om det knyter seg til hendingar. Det kan vera samansetjingar med både *ulv* og *kval.* Dei aller fleste øyane har vorte nytta

som beite, og dei inneheld dyrenemne etter dyreslaget ein har hatt gåande her. Me har m.a. samansetjingar som Kuøyna, Smaløyna, Svinøy, Saugøyna.

Dyrenemne har òg øygruppa **Føyna (Føyne).** Nemnet er *fe* 'buskap', og i uttalen har vokalane i *fe* og *øy* falle saman. Namnet vert nytta både om heile øygruppa og den største øya i denne. I nedarva vestkarmøymål vert Føyna uttala *føyne,* medan ein elles på Karmøyna vil seia *føynå.* Folk nord for Haugesund vil jamvel seia *føyno.* I Føyna og i Torvastadområdet viser skilnaden seg òg i to forskjellige endingar i bunden form eintal av hokjønnsord, t.d. *vikje* og *hålo.*

Når eit mål slik har to ulike endingar for bunden form hokjønn eintal, finn me oftast forklaringa i forskjellen mellom sterk og svak bøying. Einstava hokjønnsord i gamalnorsk vart bøygde sterkt. Dei får no på Vest-Karmøy endinga *-e,* t.d. *vikje* (bunden form av *vik* f.). Fleirstava ord som enda på vokal, vart bøygde svakt og får no endinga *-o,* liksom i *hålo* (bunden form av *hole* f.).Karmøymålet elles har ikkje denne vekslinga.

I Føyna er noko av feet nemnt i namnet **Saugøyna (Saugøyne),** ei mindre øy sørvest i øygruppa. Nemnet *saug* er det same som *sau,* og går attende på gamalnorsk *sauðr* m. I samansetjinga er ð herda til ein g.

Kvalfangst knyter ein oftast til stordrift i Antarktis. Men veiding av kystkval har òg vore svært vanleg i Rogaland. Fleire namn tyder på dette. - **Kvalavåg** er namn på ein gard og ein godt skjerma våg like nord for Veavågen. Garden Kvalavåg har opphavleg fått namn etter vågen. Ordforma går her attende på gamalnorsk genitiv fleirtal med *-a* til *hvalr* m. Gardsnamnet er skrive *Hualauage* i eit brev frå 1322.

Inge Særheim har skrive om namn som kan ha opphav i kvalfangst (Særheim 1996). Han nemner eit kapittel i Gulatingslova om kvalrett, rett til stranda kval og veiding på kval.

> «Driv ein mann kval inn i annanmanns kvalvåg og stengjer føre med stek, då eig vågeigaren kvalen, og hin skal bøta landnåm. Driv ein mann kval inn i vågar som ikkje er kvalvågar, då eig veidaren helvti og vågeigaren helvti.»

I denne lova er *kvalvåg* nytta som eit samansett ord. Lova viser at veiding av kystkval har vore svært vanleg. Samnamnet kvalvåg nytta ein om vågar og tronge vikar der kval hadde for vane å villa seg inn. Ein kvalvåg var såleis ein våg som skilde seg frå andre vågar ved denne eigenskapen. Kvalavåg kan ha vore ein slik våg.

Det er likevel mest vanleg å setja dyrenemnet til forskjellige terrengnemne, liksom i **Kvaløyna (Kvaløyne),** som ligg mot nord i øygruppa Føyna. Namnet er samansett av *kval* og har truleg òg opphav i kvalfangst. Fleire namn ikring har fått namn etter øya, såkalla relasjonsnamn: **Kvaløytåna (-tåne)** til *tå* f., den nordre spissen på Kvaløyna, og



Skrubbahola ved Osnes. *Foto: P. H. Uppstad*

Kvaløysundet (-sonne), sundet mellom Kvaløyna og Føyna. Mellom desse to øyane er det fleire tronge vikar som kunne høva godt til kvalfangst. Her i Kvaløysundet ligg òg **Storakastet (Storakaste)** ***kast*** n., som har fått namn av di det er godt å kasta her - det er mogleg å gjera eit stort, dvs. vidt, kast.

Som nemnt kan det ofte vera vanskeleg å finna ut kvifor ein stad har fått eit bestemt namn, sjølv om det kan vera lett å identifisera orda. Det kan t.d. vera bruk av staden, førekomst av dyr, fisk, fugl, e.l., eller at staden vert samanlikna med nemnet. Slik er det òg med nemnet ***kval,*** som i nokre høve har bakgrunn i kvalfangst, medan det andre gonger har opphav i ei samanlikning med ein kval i vasskorpa.

Kvalskjer (Kvalsjer) ved Kvaløysundet er truleg ei slik samanlikning. Denne samanlikninga er ganske vanleg. Gardsamnet **Kvala** nord for Haugesund har nok òg opphav i denne samanlikninga (Særheim op.cit).

Om lag rett vest frå Kvalavåg ligg **Kvitingane,** ei gruppe med holmar og skjer som har fått namn etter skumsprøyten. Her finn ein òg **Kvalshola (Kvalshålå)** som namn på eit lite sund. Kvalfangst kan vera opphavet til dette namnet, ein stad der ein fekk sett fast kval.

Dyrenemne har me òg i namnet **Revaspranget (Revaspránje)** på Osnes, som skal ha fått namn etter ein rev som greidde å stikka seg vekk under eit jag nordetter neset. **Skrubbahola (Skrubbahålo)** er namnet på ei kløft på nordsida av Osnesgavlen. Namnet er laga til ordet *skrubb,* ei vanleg omskriving for *ulv.* Til dømes nemner Knud Leem ordet i ordsamlinga frå 1740, og folk nyttar ordet til vanleg i uttrykk som t.d. *skrubbsvolten.* Det vert fortalt at dei slo i hel ein ulv på denne staden. Det er likevel ikkje sikkert at det har vore ulv her, historier til namn vert ofte laga i ettertid. Eit namn med ulv kan òg ha opphav i førestellingar, til dømes om noko farleg. I Føyna finn me øynamnet **Ulvøyna (Ulvøyne),** laga til *ulv.* Føyna ligg eit godt stykke frå fastlandet, og det verkar urimeleg at det skal ha vore ulv så langt til havs. Ulvøyna og **Gitterøyna (Jitterøyne)** ligg mot aust i øygruppa Føyna, med Gitterøyna nærmast Karmøyna. Dei same namna, Ulvøyna og Gitterøyna, finn me att i øygruppa Røvær. Der ligg øyane til på same viset som i Føyna: båe ligg mot aust, med Gitterøyna nærmast fastlandet.

Namnet Gitterøyna er nok laga av ordet *gitter* (uttala jitter) med tydinga 'hildring, synkverving'. Det er same ordet som *sågiddren* i diktet *Vaaren* av A.O.Vinje: «saagiddren endaa meg unntest at sjaa paa Vaarbakken dansa». Ivar Aasen set ordet til *gidn* «det Tilfælde at Tingene i nogen Frastand synes at bæve, naar man seer dem igjennem en stærk oppstigende Damp» (Aasen 1873:214). I diktet nyttar Vinje ordet om dirrande vårluft. På sjøen opplever ein ofte lufta som dirrar, og øyar som på avstand tykkjest sveva over sjøen. Dette kan høva godt for både Gitterøyna i Føyna og på Røvær når ein kjem austanfrå og ser øyane mot horisonten.

Det er likevel interessant at me både på Røvær og i Føyna finn namneparet Gitterøyna og Ulvøyna nytta om dei to øyane mot aust. Det kan tenkjast at t.d. Gitterøyna og Ulvøyna i Føyna er oppkalla etter dei tilsvarande øyane på Røvær eller omvendt. Ei slik namngjeving er ikkje uvanleg, t.d. heiter ein holme utanfor Vikingstad **Småurter** etter ei samanlikning med **Urter** lenger vest. Når det gjeld Ulvøyna, ville det vore svært merkeleg om ulven skulle ha halde til og sett preg på nett denne øya i båe høva. Eg reknar det ikkje som sannsynleg at det er vitjing av ulv som har gjeve namn til øyane. Men det er mogleg at namnet Ulvøyna kan koma av førestellingar eller samanlikningar knytte til ulv i båe høva. Viss me ser på terrenget, så har Ulvøyna i Føyna og Ulvøyna på Røvær eit smalt, langt sund på vestsida. Kan det vera dette særdraget som har gjeve øyane same namnet, t.d. førestellingar om eit svelg? Det er ikkje så godt å vita.

Brandøyna (Brandøynå) heiter den langstrakte øya som skil Kvalavåg frå havet utanfor. Namnet er laga til *brand* m., nytta om ein trestokk eller ein stor og sterk kar. Sams for tydingane er truleg eigenskapane 'stor og

Gitterøyna og Ulvøyna ved Røvær.

Gitterøyna og Ulvøyna ved Føyna.

lang'. I Norsk ordbok er dømet 'ein stor brand av ein lyr' oppskrive frå Sunnhordland. Om fisk vert det òg truleg nytta i *Håbrand,* som er eit nemne for den største haiarten på våre kantar. Nemnet er samansett av gamalnorsk ***hár*** 'hai' og ***brand*** m.'stor'.

Frå 1700-talet har me presten Knud Leem si ordsamling frå Karmøyna. Under prestegjerninga på Avaldsnes samla han inn lokale ord og uttrykk, mellom anna òg *brand;* «Efter Augvoldsnæs Egns dialect een Rinsdyr-oxe». Det er likevel ikkje reinsdyr som har gjeve namn til øya. Denne tydinga av ordet er nok ei særtyding, men har same opphav som dei andre nemnde døma: nemleg 'noko stort', jf. at det er oksen som vert nemnd slik. *Brand*

Kvalavåg, Brandøyna.
Illustrasjonar:
Ingjerd Hope Pedersen

vert andre stader òg nytta om elgokse. *Brand* vert òg nytta om tverrstokkar, m.a. i plogar.

Når ein ser korleis øya ligg til, der ho stengjer vågen tvert av mot vest, er det rimeleg at øya har fått eigenskapen som noko stort og langt knytt til seg. For folk i Kvalavåg vil namnet **Øyna (Øynå)** vera einstydande, medan ein for framande må nytta namnet Brandøyna (Brandøynå).

Namnet **Bustøyna (Bustøyne)** vert av folk på Vikingstad tolka til verbet *busta.* Dette var ein skikk om å be om gåver når ein skulle busetja seg. Det vert fortald at øya skal ha kome som faddergåve til Vikingstad frå Avaldsnes. Bygdeboka frå Avaldsnes nemner òg dette tilhøvet. Det er likevel ikkje sikkert at dette er opphavet til namnet, sidan namn ofte får ei slik forklaring knytt til seg i ettertid. Viss ein ser på reine naturtilhøve, kunne ei tolking til *bust* f. høva godt. Dette ordet kan tyde 'lang bakkerygg, smal og heller lang landtange'.

Ingøyna, Maggeløyna og andre namn med personnamn

Mange stadnamn er samansette av personnamn. Det kan vera ymse grunnar til at personar vert knytte til stader, t.d. eigedomstilhøve, bruk av staden eller hendingar, t.d. grunnstøyting. Svært ofte vil ikkje namngjevingsgrunnen vera kjend, av di namn med personnamn er meir knytte til ein særskild generasjon enn andre namn. Det er mange namn med personnamn i området, men dei aller fleste er lette å kjenna att. Nokre namn inneheld likevel namn som ikkje er kjende for folk flest. Slik er det med **Ingøyna (Ingøyne)** ved Torvastad. På sjøkartet vert namnet normalisert til Engøy, til *eng* f. 'mark', men dette høver dårleg med uttalen *Ing.* Det er meir truleg at det er personnamnet *Ing* som ligg føre i dette namnet. Gardsnamna **Torvastad (Tårvasta)** og **Vikingstad (Vikjingsta)** er òg samansette av personnamn. Torvastad har mykje truleg mannsnamnet *Torfi* som føreledd. Namnet vert idag uttala på mange vis, eg har registrert både *tårvesta, tårvasta* og *tarvasta.* Uttalen *tårvasta* er vel det mest utbreidde, medan uttalen *tarvasta* nok er den eldste. Namnegranskaren Oluf Rygh noterte uttalen *tarvasta* rundt århundreskiftet. Ein av heimelsmennene nytta uttalen *tarvasta* i namnet **Torvastad Træsvikane (Tarvasta Trekssvikadne).**

Vikingstad vert sett til mannsnamnet *Viking,* gamalnorsk *vikingr.* Namnet har nok same opphavet som samnamnet viking '(sjø)røvar, viking'. Mannsnamnet skal ha vore mykje nytta i Hardanger i mellomalderen, men heller sjeldan i vårt hundreår (Kruken/Stemshaug 1995). **Mageløyna (Maggeløyne)** utanfor Dalsvågen har nok kvinnenamnet *Magnhild* som føreledd.

Ei halvøy utanfor Kvernavika i Veavågen ber namnet **Jorenstræet**

(Jorenstre). Namnet er samansett av ordet *træ(d)e* n. 'inngjerda jordstykke, innhegning' og personnamnet *Jorunn.* Forma *Joren* har vore særs mykje nytta i Rogaland.

Tårensboen er ein grunne på innsida av holmen Store Vetaland mellom Karmøyna og Føyna. *Tåren* er ei form av kvinnenamnet *Torunn* som er mykje nytta i Rogaland. Nemnet *boe* m. nyttar ein om grunnar som ligg under vassflata, men som er så grunne at dei bryt i tung sjø. Opphavet til dette nemnet er omdiskutert. Det har vorte sett til gamalnorsk *bjóða* 'kunngjera', men det ligg likevel nærare å setja ordet i samanheng med *boda* 'skumma'. Når det ligg fleire, evt. tri slike boar attmed einannan, kallar ein det i området *treboe,* jf. talet *tri,* t.d. Hauskjeskjerstreboen.

Glåpen, Glettet, Seleningane

Mellom Indravær og Gitterøyna ved Røvær ligg holmane **Nordre (Nore)-, Midtre** og **Søre Glåpen.** På sjøkartet vert namnet sett til *glopp* f. jf *Gloppene,* men dette er ikkje ei mogleg tolking på grunn av uttalen med lang *å (glåpen).* Bakgrunnen for namnet er nok verbet *glåpa* som tyder 'å stirra, glana', eller kanskje heller substantivet *glåp* m. 'opning','ein mann som glåpar mykje'. Ei slik nemning har noko føre seg slik holmane ligg til med godt utsyn nord-, aust- og vestover. På Nordre Glåpen står det òg ei lykt som viser innseglinga i desse retningane. At ordet *glåpa* faktisk har vore nytta i området, viser den tidlegare nemnde ordsamlinga til Knud Leem: *glaapa:* 'at See omkring seg' (Leem 1923).

Like sør for desse stadene ligg ein høg og langstrakt holme kalla **Glettet (Glette).** Namnet kan setjast til *gletta* f. (ei gletta), av *glatt,* som Alf Torp har notert i tydinga 'glatthet, glat punkt, væske for at noget skal glide ned'(Torp 1919:163). Uttalen *glette* tyder på at det ikkje er tale om eit hokjønnsord, men at det her ligg føre som inkjekjønnsord, *glette* n. Ei tolking til dette ordet kan ha real bakgrunn i blankskurte eller bratte berg på staden.

Det same terrengnemnet finn me òg i namnet **Skarvaglettet (Skarvaglette)** som eg har skrive opp to gonger om mindre holmar med ei eller fleire bratte sider. Dette er stader der skarven held seg, så ei tolking til fuglenemnet *skarv* m. er nok mest sannsynleg her. Skarvaglettet ved Torvastad er ein heller høg holme som er bratt i sørvest. Mellom Kalstø og Kvalavåg vert namnet nytta om nokre små, bratte holmar. Skarvaglettet er ein stad der skarven slepper seg ut når han skal på vengene. Skarven 'glir' ut frå desse stadene og flyg like over vasspegelen. Dette kan òg ha gjeve namn til staden, og det kan tenkjast at namnet *skarvaglette* vert nytta som eit samansett ord om stader der skarven slepp seg ut.

Seleningane (Se'leningane) heiter nokre holmar på vestsida av Urter.

Når det er naudsynt å skilja holmane, nemner ein dei **Nordre (Nore), Midtre** og **Søre Seleningen (Se'leningen).** På vestsida av Føyna finn ein òg **Store-** og **Litle Seleningen.** På Røvær har ein òg **Seleningane.** Det er interessant å sjå korleis desse stadene ligg til. I Føyna og på Røvær ligg desse holmane ytst mot havet i sørvest. I Urter tek holmane av for vestavêret. Ei tolking av andreleddet til ordet *lining* m. med tydinga 'kant', kan difor høva rimeleg godt her. Det gamalnorske ordet *sí* vert helst nytta i samansetjingar og kan ha tydinga 'over det heile, allstad'. Dersom me set føreleddet til dette ordet, kan namnet få ei tyding som 'kant som dekkjer over mykje / stor kant'. Språkleg er det òg mogleg å setja føreleddet til *sig* n. av gno. *sig* n. i tydinga 'det å siga' eller 'stad der det sig', med realt opphav i straum og rørsle i sjøen.

Heggelen, Avløypa

I 1740-åra skreiv Knud Leem ned nemninga *heiele-stein:* 'Saa kaldes i Augvoldsnæs Egn Flinte-haarde hviide Steene'. Dette nemnet vert på Karmøyna i dag uttala *heddjedl* (skrivemåte: *heggeitel*), og vert nytta om kvit kvarts i fjellet. Stadnamn med dette nemnet har me både på Kvitsøyna og på Utsira.

På innsida av Storøyna ligg Storasundslykta, ei lykt som står på eit skjer i



Gåsa (gåså) er eit felt med heggeitel - kvit kvarts - i fjellet. *Foto: P. H. Uppstad*

innseglinga til Haugesund. Skjeret vert òg kalla **Heggelen (Heddjedl)** på grunn av kvit kvarts - heggeitel - i berget. Nemnet går attende på gamalnorsk *hégeitill* m. og har vel ordhistorisk opphav i ei form *hy* med tydinga 'lys farge, andletsfarge' og *geitill* 'hard knute i mjukare bergart'. Heggeitel (heddjedl) er òg opphavet til stadnamnet **Gåsa (Gåså)** på vestsida av Mageløyna. Her formar kvartsen ei gås i det svarte fjellet.

Utanfor smeltehytta ved Visnes ligg **Avløpsholmen (Avløpshålmen).** Det er likevel ikkje noko avløp frå gruveindustrien som er opphavet til føreleddet. Medvitet om miljøskader høyrer vår tid til. Det er nok ordet *avløype* f. 'noko som er av i to', samansett av preposisjonen *av* og verbet *laupa,* me finn i dette namnet. Nemnet vert nytta om stader som er nesten 'avskorne' av sjøen. Rundt 1930 vart det samla inn ei mengd stadnamn ved at skuleungar skreiv ned namna heime på garden. I denne innsamlinga er det frå Visnesgarden skrive ned forma *Avløypeholmen,* noko som stør ei tolking til *avløype* f. **Avløypa (Avløypo)** utanfor Hauskjevågen er òg ein holme som er delt i to. **Nordra avløypa (Nora avløypo)** og **Søra avløypa (Søra avløypo)** på Bjørkevær er innskjeringar i strandlina med søkk som går tvert over øya. I hardt vêr går sjøen over desse søkka.

Fisket har rike tradisjonar på Karmøyna. Opp gjennom tidene har folk nytta stadene og henta ut av det naturen gjev. Dei har gjeve stadene namn og har nytta namn frå generasjonane før dei. Endringar i fiskerinæringa kan vera eit trugsmål mot denne tradisjonen. Det er nemleg slik at 'kyrkjelyden' i Kallakyrkja har minka mykje den siste generasjonen. Det er stadig færre som lever av sjøen, av fisket. Skjergarden vert likevel mykje nytta, både av yrkesfiskarar, hobbyfiskarar og feriefolk.

Då hummarfisket vart drive på det mest intensive, sette folk teinene overalt. Dette førte til at 'alle' små klovar, kilar, små vikar, fluer og boar fekk namn, dei vart viktige stader som trong ei adresse. Det er ikkje sikkert at folk flest treng alle desse namna i dag, dei vert helst naudsynte for dei som treng detaljkunnskap om strandlina. Men det er framleis viktig at folk kjenner namna i sitt nærmiljø. Hobbyfiskarar skulle ha interesse av å kjenna til namna på staden. Dette er namn som fortel noko om oss sjølv og den rike tradisjonen som fisket har på Karmøyna.

Me kan ta i bruk og føra denne arven vidare.

Litteratur:

- Aasen, I. 1873: *Norsk Ordbog.* 5.utg. 1973
- Kruken, K. og Stemshaug, O. 1995: *Norsk personnamnleksikon.* (1.utg.1982) Oslo.
- Leem, K. 1923: *Een liden glosebog. Norske Maalsamlingar fraa 1740-aari.* Utgjeven for kjeldeskriftfondet ved Torleiv Hannaas. Kristiania.
- *Norsk ordbok.* 1,2- Red. av Hellevik,A. Oslo.1966, 1978-.
- Ross, H. 1895: *Norsk Ordbog.* Ny utg. 1971. Oslo-Bergen-Tromsø.
- Rygh, O. (red.) *Norske Gaardnavne 1-19+ Forord og Indledning.* 1897-1938. Kristiania - Oslo.
- Særheim, I. 1996: *Nokre stadnamn som har bakgrunn i kvalfangst* Frá haug ok heiðni 2 1996. 30 - 35.
- Torp, A. 1919: *Nynorsk etymologisk ordbok.* Oslo.
- Uppstad, P. H. R. 1993: *Stadnamn frå sjøen på Vestkarmøy.* Utrykt hovudfagsoppgåve i nordisk. Universitetet i Bergen. (Er til utlån ved biblioteka på Karmøyna, i Haugesund og på Utsira.)
- Venås, K. 1984: *Mål og miljø.* 2. utgåva.
- Vinje A.O. 1860: *Dølen. Eit Vikublad.* nr 33 1860. Utgåve ved Reidar Djupedal. Band 1. Noregs Boklag. Oslo 1970.